

Rype-/skogsfugltaksering på Nes 2024

I regi av FJFF vart det i September taksert i ovanfornevnde område, for tiande året.

Takseringsområdet og metode (sonetaksering), er samsvarande med 2022. Området har store mengder sau, og av god grunn mtp sinking/ettersinking, og hjortejakt, vart takseringa utsett til perioden 25- 27 september. Taksering so seint gjev alltid litt utfordringar mtp tilgang til personell. Dermed gjeld denne takseringsrapporten Nesterenget, men det er grunn til å tru at trenden er lik i heile dalføret, sjølv om ein ser forskjel på nord og sørhelling. Det låg relativt normalt med snø i Nes-terrenget utover våren, og mai overgang til juni, var varm/tørr.

Takseringsforholda har vore over forventa gode.

Metode:

Vi har 15 års erfaring med «sonetaksering» frå Gaularfjellet, og nyttar også denne metoden i Grøfjellområdet i Kinn/Bremanger. Takseringsresultata i våre områder, har godt samsvar med resultat frå vår landsdel, og i år, heile Sør Norge.

Taksering med hund er i hovudsak ideelt til lirype og orrfugl. Fjellrypa er vanskelegare å bestandsvurdere, men vert basert på tur/jaktmessig dekking av terrenget, sauesankarar, og andre.

Det er etter GPS-måling, gått 34 km, og med hund avsøkt 106 km på desse dagane. Eg opplever sonene godt dekka, og relativt likt dei tidlegare åra.

Generelt:

Det er utfordringar knytta til vurdering av voksen rype vs kylling i denne tida, då kyllingane snart har same storleik som dei voksne.

Under taksering i august er det noko enklare å vurdere, då storleksskilnaden er større. Skrattande steggar og oppflukt av heile kull, gjev sikrast vurderingar.

Kullplassane/revirområdet har vi etterkvart god kjenskap til, og ein finn normalt voksenpar/kull i nærliken av desse områda.

Taksering 2024:

Det var knytta stor spenning utvikling til lirypa dette året, då det på landsbasis var forventa ein oppgang. I tida før, og under klekking, var vår tanke at det skulle vere nokonlunde greie klekkeforhold. Det vart observert godt med insekt i juni/juli, noko som er ei viktig proteinkjelde for kyllingane første vekene. Bærtilgangen har også vore godt dette året.

Tilbakemelding frå sauesankarar, hjortejegerar og turgåarar, har vore fleire observasjonar av ryper/kull, samanlikna med dei siste to åra.

Ein fellesnevn er at kyllingane er store og velutvikla. Dette er noko som tyder på at dei kyllingane vi ser, er i frå fyrste legging. Også dette året, ser det mtp den jevne storleiken på kyllingane, ut til å vere lite omlagde kyllingar.

Det er i motsetning til 2022/23, observert jevnare rypekull denne hausten, og færre par utan kyllingar. Likevel er det par som har 3-4 kyllingar. Ryperevira ser ut til å vere dekka, men mykje av rypene sat i tett vegetasjon, noko som kan skuldast at det var ei betydeleg auke i rovfugl som stadig var i lufta. Auka rovfuglmengde har årsak i at det er ein god del smågnagarar (lemmen og mus). Dette er i utgangspunktet positivt mtp predasjonsbelastninga på rypa, men når krakket i smågnagarbestanden kjem, vert rovfuglen er uansett ein stor og auka trussel igjen.

Orrfuglen har etter vårt syn vore uforklarleg lav i Nes/Vona dei siste 11åra. Under takseringa, vart det observert berre 5 orrfuglar, derav 2 kyllingar. Det er tilbakemeldingar og observasjonar av større kull i nærliggande naboterreng, så håpet er at meir orrfugl sit i lavareliggende terren. Men i indre områder, har bestanden vore lav i mange år. Årsak er ukjend, då orren har vore freda i mange år.

Vinterstid vert det observert ein del orrfugl i speltida. Desse reknar vi med kjem trekkande frå andre delar av nærliggande områder.

I dei områda vi hadde talrike orrekull første åra, er det mange år sidan vi observerte større kull. Fjff har hatt jaktfredning på orrfugl i mange år, då jakt på desse i allefall ikkje gjer situasjonen betre.

Observasjonar i Nes-marka:

Lirype (voksne): 8 par med kylling, i dei faste revira.

Lirype (kylling) 28

Fjellrype: Vi brukar info frå sauesankarane, turgåarar : tilbakemeldingane gjev håp om ei lita auke i forhold til dei 2 siste åra, som vart oppfatta som svært därlege. Likevel, er det vanskeleg å trekke nokon klar konklusjon, då fjellrypa flokkar seg tidleg, og trekker over store områder. Det er fleire terren rundt oss (jølster) som har stengt også dette året.

Orrfugl : 5 stk, derav 2 hanar, 1 høne, 2 kyllingar.

Andre observasjonar:

Ørn: Mange observasjonar og vanskeleg å ha rett antal. Fleire observasjonar enn dei siste åra, men dette kan vere tilfeldig. Sauesankarane observerer stadig ørn.

Ravn: Fleire observasjonar og stadig i lufta under taksering, ein tanke om at det ah rauka, men vanskeleg å talfeste. Og ei auke i kråkeobservasjonar denne takseringa.

Anna rovfugl (falk/hauk) stadig observasjonar under taksering, og meir observert enn dei siste 2 åra. Også meir jordugler dette året.

Smågnagarar (lemmen/mus). Interessant at vi igjen er inne i eit smågnagarår. Sist var i 2021, og lite i 2022/23. Som nevnt, gjev dette mulighet for betre predasjonsfordeling, dermed betre overlevingsmulighet for småviltet

Hare: etter tilbakemeldinar, og spor vinterstid, er det urovekkande lite hare i området.

Mindre småfugl observasjonar i heile dalføret siste 3 åra.

Ikkje observert rev, og vi finn lite ekskrement frå rev.

Kyllingproduksjon 2024

Vi har for 2024 berekna ein kyllingproduksjon på ca 3,6 kyllingar per par.

Dette viser ein oppgang i forhold til **2023:** 2,1 (**2022:** 2,0 **2021:** 3,7, **2020:** 3,5

2019: 1,6, **2018** 5,2 og **2017** 4,1)

(3,3 kylling pr voksenpar er rekna som tilvekst lik null)

Taksering, og observasjonar **pr no**, fortel om ein stabil **stamfuglbestand** i dalføret dei siste åra. Vi hadde kanskje håpa på endå betre kyllingproduksjon, men ein oppgang i forhold til 2022/23, er gledeleg, og nødvendig. Tilbakemeldingane frå folket som ferdast i området, sauesankrarar, hjortejegerar, og turfolk, er auke i obsrvasjonar i forhold til dei siste to åra.

Spesielt for Nesmarka, er det mykje nordhellande terren, som igjen vert utsett for sein snøsmelting, og kan dermed vere meir utsett mtp næring i den akutte fasa i klekke/kyllingperioden. (dette ser vi også på nordhellande terren under takseringane på Gaulearfjellet) Men dette året ser heldigvis ikkje dette ut til å vere spesielt utslagsgjenvende.

Det er god kontroll på mår og røyskatt rundt Vonavatnet. Vi held fram uttak av predatorar med fellefangst av mår/røyskatt, og åtejakt/lokkejakt av rev. Vi meinar å kunne stå inne for ein god predatorkontroll på Nes/Vona. Kråke og ravn vert jevnleg felt.

Predatorarbeidet held fram, og vi håpar fortsatt på at dette vil gje positive resultat framover. Det vert normalt observert mykje rovfugl, og predasjon frå dei freda artene, utgjer nok betydeleg skade for hønsefuglane. Vi er og usikker på kva måsepara som hekkar rundt fjellvatna har å seie for småviltpredasjonen. Det er rundt hekkeområda til måsen, vi ser minst antall kyllingar. Og dei rypepara som tidlegare heldt til for eksempel på myane ved Vonavatnet, er ikkje i dette området lenger.

Jaktuttak har fleire år vore minimalt, og langt under 15%, som forskarane tilrår som «ikkje skadeleg uttak» Merknad: Vi hadde total fredning på Nes i 2022 og 2023. Derimot felte vi etter kontakt med Veterinærinstituttet 1 voksne og 2 kyllingar for parasittsjekk. Eimeriaparasitt vart funne, men det må forskningsmidlar til for å fastslå konsekvensar av funn og omfang. Vår tanke i dette er at: ei god helse er ei viktig forutsetning for formeiring/overleving.

Fjellrypa er vanskeleg å seie noko bestemt om, då vi ikkje fekk kapasitet til å ha folk i høgfjellet under takseringa. Hund kan normalt ikkje brukast til denne takseringa.

Områder rundt oss:

Generelt er det for andre året, meldt om ein generell oppgang i rypebestanden i midt/Sør-Norge, men tilbakemeldingar viser store lokale variasjonar. (ref: Hønsefuglportalen) Fleire uavhengige rapportar frå ulike jaktområder og jaktforsvartalarar, fortel om svært variabel klekking.

Svært mange Fjellstyre/rettigkeitshavarar som stengde for jakt i 2023, har dette året opna med strenge kvoter. Nordland og Finnmark har meldt om relativt gode produksjonar. Takseringa vi hadde på Gaulearfjellet i midten av august, viste også ein oppgang mtp kyllingproduksjon, og stabil stamfuglbestand. Svært ujevn kullstorleik der òg. (Det er verd å merke seg at dete er eit område med svært lite observasjonar av rovfugl, og ein aktiv predatorkontroll, som har pågått i mange år)

Dermed er det positivt at vi har hatt ein relativt stabil stamfuglbestand over fleire år. Vi har i mange år forvalta etter forskarane sine råd om uttak etter 15% regelen. Prinsippet er sparing av stamfugl, og jaktuttak av kyllingar. **Vi har i fleire år lagt opp til tilbakemelding og jaktrapportering kvar dag, slik at vi kan justere kvote opp/ned, om det skulle vise seg å verte andre observasjonar enn takseringa gav.**

Orrfugl ser vi dessverre fortsatt for lite av, og denne har vore freda i mange år.

Hare: svært lite observasjonar frå alle brukarar av terrenget over fleire år, også mtp spor vinterstid. Dermed ser det ikkje ut til å vere jaktbar bestand.

Bakgrunn for fleire år med avkorta jakttid: Vi har over fleire år hatt fokus på å ta vare på den stadbundne stamfuglen (lirypa) i Nesmarka. Fjellrypa er ein meir flyktig fugl, og flyg over større områder. Den dannar flokkar allereie i august, og vårt moderate uttak på denne, har mindre innverknad for bestanden totalt sett. Likevel er den teken med i total årskvote, der vi håpar at uttak skal fordele seg nokonlunde likt mellom li og fjellrype. Vi har òg tenkt at i hovedsak vil det ved jakt på kvit vinterrype, vere uråd å skilje mellom artene, og mtp jakttrykket vil dette i hovedsak bli på lirype som sit i dalbotnen. Dette tenker vi vil gje eit større uttak av lirype/stamfugl, som vi er svært avhengig av, for å auke grunnstammen. Det er og eit moment at rype som overlever starten på vinteren, har overlevd «første kneiken», og dermed har større mulighet for å bli produserande kapitalfugl til våren. Derfor er det større potensiale for bestandsreduksjon ved vinterjakt, enn ved haustjakt. Då vil jakttrykket verte kontrollert, og fordelt på begge rypesortane, og på fugl som ikkje har vore utsett for dei naturlege dødsårsakene. Vinterfreding er eit av dei vanlegaste jaktregulerande tiltaka. Ref forsking forankra i «Rypeforvaltningsprosjektet», H.C.Pedersen/Storaas, og Statskog`s leiar og Breisjøberget.

Fjff er ei foreining med +/-300 medlemmar, og jaktutvalet meinat at vi med vår regulering mtp kvote og dagleg jaktrapportering, har teke høgde for bærekraftig forvaltning, sjølv om kyllingproduksjonen sjølv om vi gjerne håpar på endå betre kyllingobservasjonar. Vår tanke i jakttutøvinga, har vore at jegeren kan få teke turen med hagla i handa, og nyte flott terreng og rekreasjon. Den tvil vi måtte ha om bestandsobservasjonane, har vi tilgodesett småviltet.

Grunnprinsippet om å «så før ein haustar» og «hauste av eit overskot» er ein god leveregel i forvaltning av alle naturens ressursar. Og all logikk tilseier at med jakt på stamfuglen, går det i alle fall feil veg.

FJFF: Jakttid og kvote 2024.

Med bakgrunn i ei forsiktig auke i kyllingproduksjon, og eit 15% basert og kontrollert og kvotebasert uttak, vel vi å opne for ei tidsavgrensa jakt hausten 2024

For Jaktutvalet FJFF. Rune Olsbø